



Knut og Åshild Sjøwall heime i hagen sin i Skårhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Valkampen 2007 er på gang og eitt parti har halde nominasjon så langt. Det er Arbeidarpartiet. Ingen kan hevda at Uskedalen er over-representert på lista deira, for den einaste frå vår bygd som partiet har funne plass til er veteranen Knut Sjøwall (71).

Han held med andre ord fram med sitt "come back" i politikken.

Den pensjonerte overingeniøren frå Oslo har vore styreleiar i Kvinnherad Arbeidarparti i ei årrekkje.

Han var med i formannskap og kommunestyre frå 1967 til 1983 og kom att som folkevald i den perioden som no går mot slutten. I to periodar var han gruppeleiar og ordførarkandidat.

I fylkestinget var han fast representant frå 1983 til 1999.

Av Ola Matti Mathisen